

Verneområdestyret for
Geiranger – Herdalen
landskapsvernområde

Dato: 20.10.23
Vår ref: Heidi Hansen
Dykkar ref: Ingvild Hansen Nystad

Søknad om dispensasjon fra forskrift om vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde i samband med plan for etablering av landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika

Innleiing

Eg viser til tidlegare korrespondanse og merknader i samband med høyring av områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika. Sist i e-post frå verneforvaltar av 20.06.23, der det går fram at dispensasjon frå Geiranger-Herdalen landskapsvernområde blir kravd før ein reguleringsplan i saka ev kan godkjennast.

Jamfør Naturmangfoldloven § 48 tredje ledd: «*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*»

På vegne at utbyggjar, World Heritage Salmon (WHS), fremjar Nordplan AS søknad om dispensasjon etter paragraf 48 i Naturmangfoldloven, frå verneforskrifta, § 3, 1.1. - forbod mot sprenging og boring, og uttak av massar.

Om tiltaket

Plassering i landskapet

Det landbaserte oppdrettsanlegget ligg ved innløpet til Sunnylvsfjorden og er plassert i strandsona, på land og i fjellhallar med tunnelar, og forbindelse til Eidsdal. Den synlege delen av anlegget vil ha ligge utanfor landskapsvernområdet både i Raudbergvika og Eidsdal. Det fjellbaseerte, indre arealet ligg i stor grad innanfor landskapsvernområdet. I tillegg vil influensområdet for anlegget ligge innanfor landskapsvernområdet. Anlegget i Raudbergvika er lokalisert like utanfor grensa til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, i innfallsporten til landskapsvernområdet.

WHS har utarbeid reguleringsplan i samband med søknad om konsesjon for etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika. I plandokumenta er utbyggingsformålet nærmere skildra.

I kortversjon omfattar tiltaket:

Anlegg i dagen i Raudbergvika

Planlagd bygningsmasse på om lag 3 300 m² som omfattar administrasjonsbygg, lagerbygg, beredskapsenter, overnatningsplassar og fellesfunksjonar. Ensilasje- og biogassanlegg, koplingsanlegg/reservekraft, reinseanlegg, og vassbehandlingsanlegg. Kaier og transportvegar, skredsikringstiltak og belysning.

Berganlegg i Raudbergvika

Anlegget omfattar berghallar for oppdrett, tilkomsttunnelar og tunnelar for transport av matfisk til båt, inntakstunnelar for vatn og avlaupstunnelar.

I tillegg er det planlagd ein 6-7 km biltunnel til Eidsdal.

Masseuttak

Det er berekna eit uttak av massar på 5,5 mill. m³. Om lag 700 000 m³ skal nyttast i anlegget til m.a. terrenghøving. Resterande skal transporterast ut.

Ved detaljprosjektering vil ein i større grad kunne optimalisere anlegget. I planprosessen har det vore viktig å ivareta mineralressursane i størst mogleg grad og legge til rette for bevaring. I den grad viktige mineralressursar blir råka er det eit krav at dei bli nytta på ein berekraftig måte. Ved uttak av massane vil desse bli sortert slik at mineralske massar blir skilt ut og lagt til sides for uttransport til vidare bearbeiding. Det er stilt krav i føresegnene til handtering av mineralmassar med potensiell forureiningsfare som for eksempel asbest og nikkel. Det er eit vilkår i planføresegnene at uttak av massar ikkje kan starte før utbyggjar har dokumentert lovleg mottaks- og deponeringsstad.

Dispensasjonskravet

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen har i uttale framheva: «*Verneforskriftene inneholder restriksjonar som krev dispensasjonar for fleire av dei inngrepa og aktivitetane som kan bli aktuelt i samanheng med planlagt tiltak i Røbbervika. Verneforskriftene forbryr kort sagt inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, blant anna graving, sprenging, boring og bygging. All ferdsel skal skje varsamt, motorferdsel er forbode, likeins forureining og unødvendig støy.*(...)» I dette tiltaket vil «graving, sprenging, boring og bygging» gå føre seg innanfor landskapsvernombudet sine grenser.

« Av forvaltningsplanen går det fram at det er forbod mot bergverksdrift i sjølve landskapsvern-området.(...) Planforslaget legg til rette for å etablere fjellhallar som går inn under verne- og verdsarvsområdet og bryt dermed med verne- og forvaltningsplanen.» Tiltakshavar må såleis søkje dispensasjon frå vernevedtak etter paragraf 48 i Naturmangfoldloven. «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.» Same paragraf peikar også på dokumentasjonskrav: «Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene.»

Verneformålet

For landskapsvernombudet er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante- og dyreliv
- ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer

Dispensasjonssøknad

Det vert søkt om dispensasjon for; inngrep og aktivitetar som omfattar graving, sprenging, boring og bygging som vil gå føre seg innanfor landskapsvernområdet sine grenser.

Vurdering av påverknad for hovedformåla

- a) Tiltaket vil påverke eitt av hovedformåla til landskapsvernet som er å ivareta *geologiske førekomstar*.

I konsekvensutgreiinga til planforslaget er det gjort eigne vurderinger knytt til verknaden på geologisk mangfold, prosessar og førekomstar. Av Cowi sin rapport for verdsarv, datert 27.03.23. Jf. Punkt 5.3.4 og 6.3.1.


Av rapporten til Cowi går det fram at området har få kvartærgeologiske avsetningar, det er særleg rundt Smogedalen det er geotopar med unik verdi. Område ligg med god avstand sør for Raudbergvika og vil ikkje bli råka, korkje visuelt eller fysisk.

Forekomst av peridotitt (olivin) i Raudbergvika er rekna som ein geotop og Cowi vurderer at den vert redusert av tiltaket, og gir påverknad på visuell heilskapleg oversikt over det geologiske landskapet innanfor verdsarvområdet.

Slik vi vurderer det vil sprenging og masseuttak ligge så djupt at arealinngrep ikkje er beskrivande for tiltaket. Dei store voluma som skal tas ut vil skje utan fysisk påverknad av verken det geologiske mangfaldet eller synlege/tilgjengelege geotopar.


Masseuttaket kan gjere deler av den gamle gruva tilgjengeleg for oppleveling og informasjon om geotopen, og opne nye deler av geotopen under bakken, der det kan gjerast vitskapelege studie og dokumentasjon av m.a. grenseflatene for peridotitt som antas å ha stor kunnskapsverdi, noko som elles ikkje er mogleg utan tiltaket.

Cowi skriv i sin rapport at Skrednakken representerer ein geotop der aktive geologiske prosessar er visuelt godt eksponerte. Skredhendingar langs fjellsida ved Skrednakken gir innsyn i korleis berggrunnen sin samansetning verkar inn på skred- og erosjonsprosessane. Planlagd tiltak vil ikkje påverke dette området korkje fysisk eller visuelt.



Illustrasjon som viser endring av bergenlegg i forhold til 2. gongs høyring og registrert peridotitt i grunnboring, samt grense for verdsarvområdet.

Olivinlinsa i Skrednakken vil bli bevart og neppe påverka av utbygginga. Det finst elles andre olivinfelt innanfor verneområde som blir bevart m.a. Kallskaret. I tillegg til fleire utanfor verdsarvområdet m.a. i Norddal og Onilsafeltet i Tafjord.



Figur 1: Modifisert oversiktsbilde fra 2012 [2] som viser plassering av linse 1, 2, 3 og 4, samt kjent olivinforekomst «Skrednakken» som ligger i øvre del av fjellsiden og strekker seg inn på platået.

Masseuttaket vil ikke påverke dei ytre geologiske prosessane, men vil medføre tap av visuell heilskapleg oversikt over det geologiske landskapet inne i fjellet. Nye tiltak langs fjorden vil bli etablert på dagens planerte areal, og skredsikringstiltaka (fangnett) vil bli etablert i område som alt er påverka av tidlegare gruvedrift.

Verneforskrifta § 3 punkt 1.3 bokstav L opnar elles for at det kan bli gitt løyve til "prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk bergverksdrift" – altså har verneforskrifta en ibuande aksept for aktivitet inne i fjellet.

b) Biologisk mangfold

Konsekvensar for rikt variert plante og dyreliv er vurdert både i Cowi sin konsekvensutgreiing og i Rådgivende biologar. Rapportane konkluderer slik:

Tiltaket medfører ingen arealbeslag i kalkskogane. Det vil heller ikkje påverke leveområde for raudlista artar, brunburkne og snau vaniljerot eller nokon av ansvarsartane.

For artar som streifar gjennom området vil bygging skape barriere for dyrs ferdsel langs lisidene og auka støy, trafikk og lyssetting vil vere forstyrrende for både fugl og pattedyr. Forringelse av funksjonsområde for vanlege artar medføre noko miljøskade.

Omfanget av påverknad på naturmangfold i verdsarven er ikkje stort. Fugl i området kan, særleg i hekketida bli meir kjenslevare for lyd. Vilt og fugl vil i stor grad tilpasse seg ulike tiltak, og let seg ofte i liten grad påverke av tiltak. Støy og lys kan påverke fauna og insekt.

For stortareførekomensten som ligg i influensområdet i Raudbergvika har rådgivande biologar vurdert verknad vil bli noko forringa, men at den kan reestablishere seg etter at fyllingsfront er reestablishert. Det er ikkje aktuelt med utfylling i sjøen, men fyllingsfronten må gjenoppbyggast.

c) Økologiske prosessar

Kilstivatnet med influensområdet er ein viktig del av det totale økosystemet i Kilstimarkene. Kilstimarkene, Verpesdalen, Kilstisetra og Skrenakken representerer særsvidefulle delar av landskapsvernområdet. Naturtypar, arts mangfold og naturlege prosessar skal ikkje påvirkast innanfor gjeldande områdevern.


Hydrogeologer ved Norconsult er blitt engasjert til å vurdere potensiell negativ verknad på grunnvatnet i planområdet, og Kilstivatnet spesielt. Notat med detaljerte vurderingar, er datert 26.09.23 og følgjer som eige vedlegg til saka. Av notatet går det fram følgjande s3:

«Erfaring fra utført kjerneboring indikerer generelt at tolkede svakhetssoner lukker seg mot dypet og borehullene fremstår generelt tørre, men at det kan forekomme vannførende sprekker. Dette samsvarer med erfaringer fra driving i tilsvarende bergarter. Det vil derfor være nødvendig å ha en strategi og metodikk for å ha kontroll på vannforhold i bergmassen. Dette er videre omtalt i neste kapittel i notatet.

Bekker og fosser i landskapet forventes å være lite avhengig av grunnvann. Dette er fordi topografien og berget er bratt og med lite vegetasjon, noe som gjør at vannet renner raskt av og følger bekkeløp på overflaten heller enn å infiltrere ned til grunnvannet. Det vurderes derfor å være lite sannsynlig at eventuelle innlekkasjer i tunnel vil påvirke bekker og fossefall i området.

Som vist i Figur 2 vil tunnelen gå gjennom nordre del av nedslagsfeltet til Kilstivatnet over en

strekning på 2,4 km. Kilstivatnet har et relativt stort nedbørsfelt (3,2 km², Figur 2), og er dermed robust (lite sårbart) mot endringer i vanntilsig. Årsavrenningen er ca. 1500 mm, dvs. 46 l/(s*km²). Som beskrevet i ingeniørgeologisk rapport [2] tilsvarer dette 8860 l/min over hele nedbørsfeltet.»



Figur 2. Tunneltrase (sort), svakhetssoner (grønt), kjerneboringer (rosa), Kilstivatnets nedbørsfelt (blått) og foreslått strekning for tethetskrav (rødt).

Notatet har slik konklusjon:

«Overflatebekker er trolig ikke grunnvannsavhengige, men forventes å kun mates av avrenning på overflaten, grunnet bratt topografi. Det vurderes derfor lite sannsynlig at småbekker vil kunne forsvinne på grunn av tunnelanlegget.

Grunnvannsnivå i fjell kan bli redusert av tunnelanlegget. Dette betyr ikke at Kilstivatnet (og Verpedalsvatnet) vil dreneres. Dersom det påtreffes store vannlekkasjer i tunnel, og det ikke gjøres tiltak, vil vannene kunne få lavere vannstand. Det er imidlertid satt et tethetskrav i tunnel over den strekningen som vurderes å kunne påvirke vannene uten tiltak. Tethetskravet har som hensikt å ivareta vannforekomstene og naturmiljø over tunnel, slik at vannene ikke påvirkes.

Det finnes tekniske løsninger som stopper drenering av grunnvann, og de er velutviklet. Metodene har vært brukt i norske tunnelanlegg i årter, og selv om det er eksempler på anlegg som har hatt sine utfordringer med vantrykk, så er det unntakene, og en del av læringsprosessen som har ført oss frem dit vi er i dag. Dette i kombinasjon med god overvåking av innlekkasjemengder inn i tunnelen, vil sikre at kravene til innlekkasje holdes.

Ved videre prosjektering av tunnelen og berghaller er det naturlig å vurdere behov for grunnundersøkelser, som eksempelvis boring av grunnvannsbrønner med tilhørende kartlegging av bergmassen. Dette gjøres for å bedre detaljere kjennskapen til de lokale berg- og grunnvannsforholdene.

Det er i føresegnene til områdeplanen sett krav om overvåking av lekkasjar til Kilstivatnet. I tillegg til krav om overvaking av grunnvassnivået i berget. Målemetodane og framgangsmåten er basert på kjent metodikk og er nærmere omtala i notat utarbeidd av Norconsult.

d) Landskapsmangfold

Sjølve bygningsanlegget i Raudbergvika vil ligge utanfor verneområdet sine grenser, men i innfallsporten til landskapsvernombordet (og verdsarven) verknad på utsikt og inntrykk av «Landskapets art og karakter» er vurdert i Cowi sin KU for verdsarv.

Bergverksdrifta i Raudbergvika har gjennom ei lang periode påverka landskapet negativt gjennom landskapsinngrep i form av underjordisk bergdrift/gruvedrift, og tilhøyrande hamnekonstruksjonar. I og med området i dag har bygningsmasse i form av anleggsbrakke, kaianlegg og tankanlegg så kan vi ikkje sjå at grensa for inngrepsfrie område blir påverka av tiltaket. Heller ikkje at omfanget av villmarksprega område blir redusert.

Det skal ikkje etablerast nye, synlege bygg over grunnen innanfor vernegrensa til landskapsvernombordet, men det skal etablerast hallar i fjellet som ligg innanfor vernegrensa og det innskrivne verdsarvområdet. Fjellhallane vil ikkje endre landskapet, men er i strid med det generelle forbodet mot sprenging, boring, bergverksdrift m.m.

Oppsummering

Kunnskapsgrunnlaget i saka er godt. Det er utarbeidd konsekvensutgreiingar og rapportar for dei ulike tema.

Tiltaket vil ikkje stride mot formålet i forskrifta § 2, det vil framleis vere eit særprega, vakkert fjord- og fjellandskap med rikt variert plante- og dyreliv, kulturlandskap med fjordgardar, setermiljø osv. vil være uberørt og geologiske førekommstar og landskapsformer vil i stor grad vere uendra ettersom tiltaket skjer inne i fjellet. Eit tilleggsmoment er at nye arbeidsplassar kan være med på å sikre at kulturlandskap og fjordgardar får betre mulegheit til å bli haldne i hevd også i framtida.

Vurdert under eitt, med basis i føreliggande kunnskap, er konklusjonen at tiltaket ikkje vil stride mot vernevedtakets formål og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Det er dermed grunnlag for å kunne gi dispensasjon.

Tiltaket vil ha stor betydning for regionen og kan gi 300 varige arbeidsplassar i ein region med sterkt befolkningsnedgang. Nye arbeidsplassar og dermed meir lokal busetnad vil vere med å sikre framtidia for kulturlandskap, fjordgardar og setermiljø og dermed bidra til å sikre av formålet bak verneforskrifta blir oppfylt.

Med helsing
for Nordplan AS

Heidi Hansen

Heidi Hansen
samfunnsplanleggar

Vedlegg:

- 1) Situasjonsplan Raudbergvika, datert 21.09.23, Norconsult.
- 2) Situasjonsplan med vernegrense.
- 3) Revidert prinsipp og snitt bergrom, Norconsult tegningsnr. 1179-A-O-80-001.
- 4) Illustrasjon nytt og gml bergrom med grense verdsarv og med kjerneboring.
- 5) Notat datert 26.09.23, WHS Raudbergvika – Svar på høringsinnspill angående Kilstivatnet, utarbeidd av Norconsult.